

Ulvik fjellstyre - Årsmelding 2019



Kvalitetsfisk frå Osafjellet. Foto: Harald Normann Andersen HF

INNHOLD

1. Ulvik Statsallmenning	2
2. Ulvik Fjellstyre	2
3. Fjellstyrehytter	3
4. Jakt	5
4.1 Villreinjakt	5
4.2 Småviltjakt	7
5. Fiske	9
5.1 Stongfiske	9
5.2 Garnfiske	10
6. Tiltak i statsallmenningen i 2018	11
6.1 Oppsyn	11
6.2 Tilsyn og reperasjon av hytter	11
6.3 Informasjon	12
7. Oppsyn/sekretærordning	12

1. Ulvik statsallmenning

Statsallmenningen i Ulvik dekkjer med sine 400 km² vel 57% av arealet i heradet.

Av dette utgjer netto høgfjellsareal (villreinarealet) omlag 363 km². Det er omlag 20 fiskevatn innanfor allmenningen, med eit areal på omlag 20 km².

Den delen av Hardangerjøkulen som ligg i Ulvik statsallmenning utgjer omlag 20 km².

Allmenningen grensar mot Eidfjord i sør, mot Hol i aust, mot Aurland i nord og mot private område i Ulvik i vest og på Hallingskeid.

Det meste av allmenningen ligg høgt, og det kan godt vere skiføre til midtsommar.

Dette gjer at sommarsesongen kan verte kort, særleg med tanke på fisket i området. Den vestlege delen av allmenningen er heller kupert, med mykje snøfennar og småbrear. Lenger aust flater terrengut og vert meir frodig.

Delar av vestlege delen av allmenningen er prega av kraftutbygging, med fleire store magasin.

Bergensbanen skjer gjennom allmenningen frå Storurdi i aust til Hallingskeid i vest. Dette gjer at allmenningen på mange områder er ulik dei andre statsallmenningane på Hardangervidda. Mellom anna er det mykje hytter i området rundt Finse. DNT si turisthytte Finsehytta og hotellet Finse 1222 ligg innanfor allmenningsområdet. Universiteta i Oslo og Bergen driv Finse forskningssenter.

Delar av allmenningen er underlagt forskjellige formar for vern og regulering:

Den søraustlege delen av allmenningen i området kring Hardangerjøkulen ligg innanfor Skaupsjøen / Hardangerjøkulen landskapsvernområde. Dette vart verna i samband med opprettinga av Hardangervidda nasjonalpark i 1981.

Heile allmenningen er frå 1997 del av ein felles kommunedelplan for villrein i Nordfjella /Hardangervidda villreinområde

Området mellom Finse og Lågheller er regulert av Ulvik herad i eiga reguleringsplan frå 2001. Her er det mellom anna teltforbod og jaktforbod.

I 2006 vart Hallingsskarvet nasjonalpark og Finse biotovernområde oppretta.

Nasjonalparken dekkjar den delen av Ulvik statsallmenning som ligg nord for Bergensbana frå grensa mot Hol heilt vest til og med Svartavatnet i Såtedalen.

Biotopvernområdet dekkjar 6735 dekar på Finse.

Omsynet til villreinen eit viktig element i alle desse verneområda.

2. Ulvik fjellstyre

Fjellstyret er for perioden 2016 - 2019 samansett slik:

Knut Sygnestveit, leiar

Stig Yngve Røkenes, nestleiar

Atle Ulgenes, styremedlem

Lars Helge Ljone, styremedlem

Ingrid Sponheim, styremedlem

Representant villreinutval Hardangervidda: *Atle Ulgenes, vara er Oluf Fønnebu*

Representant villreinutval Nordfjella: *Stig Yngve Røkenes, vara er Ingrid Sponheim*

Knut Sygnestveit møter i Fjellstyra på Hardangervidda, FH.

I 2019 vart det handsama 27 saker fordelt på 4 møte.

3. Fjellstyrehytter

Ulvik fjellstyre har 9 hytter og buer i statsallmenningen. Av desse er 3 steinbuer som står ulåste, dei 6 andre hyttene er låste.

I tillegg er det naust ved Finsevatnet, Kvilinganutvatnet og Søre-Grøndalsvatnet.

Leige av fjellstyrehytter

På slutten av 2018 vart 3 av hyttene på Osafjellet, Ripsebu, Dyrahola og Søre Grøndalshytta lagt ut for leige på Inatur. Døgnprisene for desse hyttene vart auka på slutten av 2019. Døgnpris for Ripsebu og Søre Grøndalshytta vart sett til kr. 800,-, medan Dyrahola kostar kr. 1.000,-. For innanbygdsbuvarar er det reduserte prisar (300,- for Ripsebu og Søre Grøndalshytta, 400,- for Dyrahola. Dei låste hyttene på Osafjellet er sperra for utleige via Inatur mellom 15. juli og 1. oktober. I denne perioden vert hyttene prioritert utleigd til innanbygdsbuande. Booking pr. telefon. Stig Yngve Røkenes som har ansvar for booking. For buene er prisen kr. 75-100 pr. døgn pr. person. Prisene for leige av Finsebu vart og justert opp i 2019, da desse har vore låge i mange år.

Det vart eit godt utleigeår i 2019 (utleigedøgn):

Finsebu: 178

Ripsebu: 60

Søre Grøndal: 47

Dyrahola: 100

Mange av brukarane kjem att, gjerne fleire gongar for året, i tillegg til nye som ynskjer å jakte- og fiske, eller oppleve andre ting på Finse eller i statsallmenningen.

Leigeinntekt hytter 2019

Finsebu 164.569,-

Sankebu 1.000,-

Ripsebu 24.000,-

S.Grøndal 18.700,-


Dyrahola 42.700,-

Memorgebu 2.600,-

Lengjedalsbu 200,-

Totalt Kr 253.770,-

Leigeinntekter hytter 2003-2019



Litt om hyttene

Finsebu

Dette er den nyaste hytta til Ulvik fjellstyre. Hytta ligg på den gamle skyttarhustomta, og vart ferdig bygd i 2003 og klar til utleige på nyåret 2004. Det er 8 senger i hytta, men brannforskriftene godkjenner overnatting for 9 personar. Det vart bygd ny snurredass vinteren 2011. I naustet ved Finsevatnet er det båt, utfiskingsgarn og ruser.

Memorgebua

Dette er ei steinbu som er låst. Bua er utstyrt med omn, propanapparat og kjøkkenutstyr for 2-3 personar.

Søre-Grøndalen

Hytta er låst, og utstyrt med omn, propanapparat og kjøkkenutstyr for 4 personar. Det er 4 sengeplassar med madrassar i hytta. Det er båt i naustet ved Søre Grøndalsvatnet og 4-6 garn i naustet. I tillegg ligg uthuset med do tett inntil hytta. Solcelleanlegg.

Dyrahola

Låst hytte utstyrt med omn, propanapparat og kjøkkenutstyr for 6 personar. Det er 4 sengeplassar i hytta og hems med 6 madrassar. Solcelleanlegg

Ripsebu

Denne hytta er låst. Utstyrt med omn, propanapparat og kjøkkenutstyr for 6 personar. Det er 3-4 sengeplassar med madrassar i hytta. Det er båt tilgjengeleg for brukarar av hytta. Solcelleanlegg.

Sankebu - Austdalen

Hytta er låst. Bua inneheld vindfang/gang, soverom, oppholdsrom m/kokeplass, hems og utedo. Det vart byta kledning på hytta i 2018. Liggeplass for 4 personar.

Rundavassbu, Austdalsbu og Lengjedalsbua

Dette er 3 enkle steinbuer med omn og køyre. Buene står ulåste. Utbetringa av Rundavassbu er enno ikkje heilt ferdig, men det er håp om at ho i løpet av 2020 skal verta eit koseleg krypinn for fiskarar, jegerar og turgårarar. Etter ei totalrenovering i 2015 er Austdalsbu no klar til å ta i mot turfolk. Bua var i særskilt dårlig stand og det var nødvendig med eit «løft» for å få attraktiv som kvile -og overnattingsstad. Det er propanapparat, bestikk, koppar og kar i alle buene.

Naust ved Kvilinganutvatnet

Naustet inneholder båt som er til fri bruk for ålmenta.

4. Jakt

4.1. Villreinjakt

Ulvik statsallmenning er delt mellom to villreinområde; Nordfjella villreinområde nord for vassdraget som renn sør for Bergensbana og Hardangervidda villreinområde sør for vassdraget. På Hardangervidda villreinområde har Ulvik jaktfelt HA291, og i Nordfjella villreinområde har Ulvik jaktfelt NF600. Alle jegerane skulle ta hjerne- og lymfeprøve fra eldre enn 1 ½ år gamle dyr grunna skrantesjuka. Det var heldigvis ikke registrert positive prøvar fra Sone 2 under jakta. Det var også tatt prøver på Hardangervidda. Her var det heller ikke registrert positive prøvar. Spesielt for dette året var at ein kunne nytte villreinkort på tvers av villreinområda, noko som i praksis betydde at jegerar med kort på HA 291 (Osafjellet) kunne nytte sine bukkekort på NF 600 (Nordfjella) og motsett.

Jakta 2019

Hardangervidda

Kvota i 2019 var på 6000 dyr, der alle løyve var reine bukkekort. Ulvik fekk tildelt 224 løyve. Det var felt 24 dyr 23 bukkar og ei vaksen simle. 18 av 24 dyr er felt etter overføring til andre vald i anna kommune. Av desse er 13 dyr felt i Nore og Uvdal og 5 dyr felt i Vinje.

Resultat Hardangervidda:

Kommune	Kvote vaksen bukk	Kalv hann	Kalv hunn	1 ½ simle	1 ½ bukk	Simle	Bukk	Totalt
Vinje	1152	0	0	0	1	3	393	397
Nore og Uvdal	1080	0	0	0	0	1	112	113
Ullensvang	770	0	1	0	0	0	189	190
Eidfjord	890	0	0	0	0	0	100	100
Tinn	852	0	0	0	0	0	214	214
Ulvik	224	0	0	0	0	1	23	24
Odda	707	0	0	0	0	0	169	169
Hol	246	0	0	0	0	0	42	42
Aurland	23	0	0	0	0	0	3	3
Rollag	16	0	0	0	0	0	0	0
Totalt	6000	0	1	0	1	5	1245	1252
Fallvilt		23	31	2	10	26	15	107
Jakt + fallvilt		23	32	2	11	31	1260	1359

Nordfjella

Kvota i Nordfjella, sone 2 var i 2019 på 300 løyve fordelt på 50 % bukk, 33,3 % frie dyr og 16,6 % kalv. I Ulvik vart det felt 8 dyr (5 vaksne bukkar, 1 voksen simle, 1 1 ½ simle og 1 bukkekalv) av ei kvote på 43 løyve.

Resultat Nordfjella

ÅR	2019
Tildelt totalt	Sone 2
Felt hannkalv	17
Felt hokalv	12
Felt hanndyr 1 ½	7
Felt hodyr 1 ½	7
Felt hanndyr eldre	54
<u>Felt hodyr eldre</u>	<u>22</u>
Totalt felte dyr	119

Samjaktavtalar

Samjaktavtale med Øvre Numedal fjellstyre. 10 jegerar frå Ulvik kan samtidig jakte på Øvre Numedel statsallmenning nord for Lågen og vest for Langebuåni sør for Lågen. Ulvik gav frå seg seg 4 kort pr. jeger. Avtala mellom Ulvik fjellstyre og Rauland fjellstyre held og fram i 2019, og 2 jegerar nyttar seg av denne avtala i 2019. Fjellstyret har og samjaktavtale med Osa private fellesområde, Dalen, Slondal og Brauåne Grunneigerlag og Bagnstrond jaktfelt. I 2019 vart det inngått samjaktavtale mellom HA 28 Aurland Broksfjell og HA 291 Ulvik Statsallmenning.

Osa private fellesområde ved Hallingskeid

Det vart inngått ny avtale mellom Ulvik Statsallmenning og Osa/Sævartveit privat.

Avtalen gjeld f.o.m. 2019 til den vert sagt opp av ein av partane. Oppseiing må skje innan 1. februar i jaktåret.

Samjakta gjeld f.o.m. jaktstart og fram til 20. september i Nordfjella og 30. september på Hardangervidda. Ved ei eventuell utviding/innskrenking gjeld samjaktavtala.

Kort som har stempel HA 291 kan berre nyttast på Hardangervidda villreinområde, og kort som har stempel NF 600 kan berre nyttast på Nordfjella villreinområde. Skilje mellom Nordfjella og Hardangervidda villreinområde er elva Moldo.

Samjaktavtale for 2019 mellom fjellstyre og private jaktfelt i sone 2, Nordfjella villreinområde
Mellan fjellstyra i Hol, Aurland og Ulvik vart det inngått samjaktavtale for villreinjakta i sone 2 (området mellom fv 50 og vassdraget langs Bergensbana) Nordfjella villreinområde for 2019.

Avtalen gjaldt for jegerar som fekk tildelt løyve for dei statsallmenningane og kommunale eigedomar som fjellstyra har forvaltningsansvar for innan Nordfjella villreinområde. Avtalen gjaldt og for jegerar som fekk tildelt løyve for private vald som var med i avtala.

Avtala gjaldt f.o.m. 26.08 og ut jakta.

1. For tilslutta jaktfelt i Aurland, Hol og Ulvik gjeld avtala utan alle vekedagar f.o.m. den datoен avtala trer i kraft. I denne perioden er det samjakt mellom allmenningar, kommunale eigedomar og private jaktfelt som vert omfatta av avtala.
2. Jegerar som nyttar seg av denne avtala pliktar å syne «god jegarskikk» og ta omsyn til andre jegerar i området., og ikkje øydeleggje forpågåande jakt. Dersom det er mogleg bør jegeren gje seg til kjenne på jaktsambandet, eller på anna eigna måte.
3. Jegerar som nyttar denne samjaktavtala pliktar å ha med seg valdkart for Nordfjella og vera godt orientert om aktuelle jaktfeltgrenser.
4. Brot på reglane i avtala vert rekna som ulovleg jakt, og jegaren vil bli meld og kan verta straffa.

For private felt som ynskjer å melda seg inn i avtala må innmeldinga skje innan 15. juni.

Inntekter vilreinjakt

Kortprisar

Bukkekort	1500,-	2 bukkekort	2700,-	3 bukkekort	3700,-
Fritt kort	1900,-				
Fritt kort +kalv	2500,-				

Utanbygds: Dobbelt pris

Kortsaledet ga ei inntekt på kr. **279.500,-** til fjellstyret.

4.2 Småviltjakt utan hund

Jakttida for småviltjakt i Ulvik statsallmenning er frå 15.september til og med 23.desember. Fjellstyret bestemte å innføre freding på li –og fjellrype i tre år frå hausten 2013 grunna låg bestand. Det har såleis vore jakt på dei andre småviltartane. Rypa var freda i 5 år tom 2017. Utsiktene vinteren 2018/2019 tyda på at det kunne verta eit bra rypeår i 2019, men dette slo feil ut da det kom snø i høgfjellet i juli månad. Mange av eggja vart ikkje klekte. Ein del høner la om og det kom til nokre kyllingar utover sommaren. Fjellstyre valde å halde fram med kortsaledet og det vart brukbar felling i allmenningen.

Jaktsesongen i tal (basert på innkomne fangstrapporar)

Jaktdagar : 370

Tal dagar med fangst: 163

Tal dagar utan fangst: 207

Tal felte:

Lirype	7
Fjellrype	242
Hare	3
Ravn	1

Kortsal

Salsstad	Døgnkort	Vekekort	Sesongkort
Inatur	346	21	13

Inntekt småvilt kr. 123.570,-

Kortprisar

	Innanbygds	Utanbygds
1 døger	150	250
1 veke	500	1000
Sesong	750	1500

Inntekter småviltjakt 2002-2019

År	Inntekt	Selde jaktkort
2002	78.100 kr	213
2003	58.959 kr	189
2004	50.000 kr	118
2005	59.700 kr	199
2006	69.600 kr	205
2007	48.600 kr	104
2008	64.700 kr	162
2009	60.490 kr	189
2010	102.100 kr	342
2011	83.200 kr	234
2012	48.200 kr	151
2013	1.000 kr	4
2014	1.600 kr	11
2015	300 kr	2

2016	3.900 kr	15			
2017	1.900 kr	10			
2018	122.800 kr	394			
2019	124.320 kr	380			
Fangststatistikk 2003-2019					
År	Jaktdøger	Fjellryper	Liryper	Hare	Tilbakemeldingar
2003	178	229	6	0	65 kort
2004	133	185	2	7	49 kort
2005	160	213	0	3	53 kort
2006	150	161	5	3	53 kort
2007	14	14	0	1	12 kort
2008	123	75	2	0	36 kort
2009	64	26	0	0	28 kort
2010	325	100	3	3	133 kort
2011	305	118	0	7	100 kort
2012	158	54	1	1	62 kort
2013	6	0	0	1	4 kort
2014	12	0	0	1	11 kort
2015	2	0	0	0	2 kort
2016	12	0	0	0	13 kort
2017	10	0	0	1	7 kort
2018	344	269	1	3	100 %
2019	360	242	7	3	100 %

5. Fiske

5.1 Stongfiske

Selde kort via inatur.no

1 døger: 202
 2 døger: 82
 3 døger: 68
 Veke: 26
 Sesong : 18
Totalt: **396 kort**

I tillegg er det via Inatur sold fellesfiskekort som gjeld Eidfjord, Ullensvang, Røldal og Ulvik statsallmenning.

Inntekt stongfiske kr. 75.428,-

Inntekter av fiskekortsal 2002-2018

År	Inntekt	Selde kort	Tilbakemeldingar
2002	16.353 kr	37	
2003	23.533 kr	49	13
2004	31.778 kr	60	21
2005	14.981 kr	31	9
2006	30.612 kr	72	14
2007	26.418 kr	76	0
2008	26.351 kr	148	2
2009	23.678 kr	117	5
2010	36.430 kr	219	31
2011	35.882 kr	179	23
2012	22.415 kr	132	7
2013	39.783 kr	213	9
2014	46.840 kr	271	15
2015	24.517 kr	65	7
2016	49.075 kr	253	10
2017	43.854 kr	247	12
2018	62.183 kr	297	55
2019	59.380 kr	396	48

Fiskekortprisar 2019

1 døger	80,-
2 døger	150,-
3 døger	200,-
Veke	320,-
Sesong	500,-

Fellesfiskekortprisar 2019

Veke	500,-
Sesong	1000,-

5.2 Garnfiske i Ulvik statsallmenning

Fangstrappart 2019

Vatn	Kg. fisk	Snittvekt gr.	Tal garndøgr
Langavatn	94,8	425	296
Rundavatn	34,0	550	60
Kvilingavatn	6,0	350	10
Floskefonnsvatnet	1,5	1500	5
Ustekveikja	3,5	500	2
Totalt	139,8	665	373

Statistikken er basert på 24 innleverte fangstrappartar av 27 selde garnkort.

Inntekt garnfiske kr. 8.100,-


6 Tiltak i statsallmenningen i 2019

Utførte oppdrag

Totalt har Hardangervidda Fjelloppsyn as utført 640,5 timeverk for Ulvik fjellstyre. Det er nytta mest tid til sekretariat, arbeid/vedlikehald, oppsyn, tilsyn på hyttene og transport (ved, gass, bos, materiell og utstyr). I tillegg er det sleppt fisk i Floskefonnsvatnet, Vetla Rundavatn, Austre Reipstjønna og Olbogavatnet på Osafjellet. Dette arbeidet vart gjort av frivillige og fjellstyre sine medlemmer.

Atle Ulgenes, Stig Røkenes og dagleg leiar var på synfaring på hytta som Statnett eig ved Inste Kvilinganutvatnet i forkant av ei eventuell overtaking. Statnett og fjellstyre kom ikkje til semje for overtaking om hytta skal difor sanerast.

Fjellstyre sette opp ein lavvo ved Langavatnet til fri bruk for fiskarar og andre brukarar av fjellet. Denne vart noko brukt men det er ynskje om at denne skal verta meir attraktiv for Ulvik sine innbyggjarar i åra framover.



6.1 Oppsyn

Det vart utført oppsyn med garnfiske, stongfiske, småvilt- og villreinjakt i statsallmenningen. Særskild garnfiskekontroll føregjekk i Langavatnet og Rundavatnet, men og elles i allmenningen. Det vart og prioritert noko meir småvilttoppsyn i Finseområdet.

6.2 Tilsyn og reparasjon av hytter

Generelt tilsyn og vedlikehald

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Me har

ført tilsyn med brannvarslerar, eldstader, gasskokeapparat, brannsløkkingsapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand. Gamle apparat vart skifta ut der dette var nødvendig.

Det vart byta kledning på Søre Grøndalshytta og montert solcelleanlegg på Ripsebu, Dyrahola og Søre Grøndalshytta.

Det vert helde jamnleg tilsyn med Finsebu for å halde snurredoen i funksjon og sett til at det var nok ved på hytta.

Det vart transportert gass, ved og anna utstyr til hyttene, bos er frakta ut.

6.3 Informasjon

Fjelloppsynet hadde informasjonsteneste frå fjellstyrehytta på Tinnhølen på bolkar av to dagar fire veker i juli / august. Fjelloppsynet var og til stades under Røldalsmarknaden. Samstundes som Hardangervidda fjelloppsyn har utført diverse oppdrag i allmenningen har det vorte gjeven mykje informasjon til jegerar, fiskarar og andre brukarar av fjellet. Informasjonen har vore fisketips, turforslag, bandtvang, villreininfo, fjellrev o.a.

7. Oppsyn/sekretærordning

Ulvik Fjellstyre er medlem av Fjellstyna på Hardangervidda.. Harald Normann Andersen har vore tilsett som sekretær for Ulvik Fjellstyre gjennom Hardangervidda fjelloppsyn, feltapparatet til Fjellstyna på Hardangervidda. Sekretariatet er stipulert til om lag 300-350 timeverk i året. I tillegg har det vorte utført diverse feltoppdrag i allmenningen.

Til slutt vil Ulvik fjellstyre takke alle frivillige som har vore med å bidrage på dei ulike tiltaka i statsallmenningen i 2019.

Knut Sygnestveit -s-

Stig Yngve Røkenes -s-

Atle Ulgenes -s-

Lars Helge Ljone -s-

Ingrid Sponheim -s-